



Til:

Karl Kollbotn

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/3299-138	Jan Erik Boge	18.08.2026

Orientering om justeringar i innkjøpsreglementet som følgje av endra terskelverdi i lov og forskrift om offentlege anskaffingar

I kommunen sitt innkjøpsreglement er det fleire stader vist til gjeldande satsar i lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Det går fram i kapittel 5 i innkjøpsreglementet at rådmannen har fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar/oppdateringar i reglementet.

01.07.2026 vart terskelverdien i § 2 i lov om offentlege anskaffingar og i § 1-1 i forskrift om offentlege anskaffingar auka frå 100.000 til 500.000 kroner. Dette inneber at lova og forskrifta med verknad frå 01.07.2026 berre gjeld for anskaffingar med verdi på 500.000 kroner eller meir.

Som følgje av at dei nemnde satsane (terskelverdiane) i lovverket no er endra, er òg informasjonen i innkjøpsreglementet om desse satsane endra tilsvarande. Dette gjeld følgjande punkt i innkjøpsreglementet:

Kapittel/punkt i innkjøpsreglementet	Informasjon og endring
Kapittel 6. Definisjonar < Terskelverdi, bokstav a.	Dette punktet inneheld informasjon om terskelverdien i § 1-1 i forskrift om offentlege anskaffingar. Terskelverdien var på 100.000 kroner då innkjøpsreglementet vart vedteke i 2018. Som følgje av at terskelverdien i forskrifta no er auka til 500.000 kroner, er teksten i dette punktet i innkjøpsreglementet endra tilsvarande. Teksten i innkjøpsreglementet er no som følgjer: <i>a) Terskelverdi i § 1-1 i forskrift om offentlege anskaffelser. Per 01.07.2026 er denne terskelverdien 500.000 kroner ekskl. mva. Dette betyr at forskrifta gjeld for innkjøp med verdi over 500.000 kroner.</i>

Kapittel/punkt i innkjøpsreglementet	Informasjon og endring
<i>Kapittel 11. Innkjøp med verdi under 100 000 kroner.</i>	Dette kapitlet inneheld primært informasjon om kva reglar som gjeld for innkjøp med verdi under terskelverdien i § 1-1 i forskrift om offentlege anskaffingar. Terskelverdien var 100.000 kroner då innkjøpsreglementet vart vedteke. Som nemnt ovanfor, er terskelverdien no auka til 500.000 kroner. Tittelen på dette kapitlet er no endra til «Innkjøp med verdi under 500.000 kroner». Teksten i kapitlet er òg justert tilsvarende.
<i>Kapittel 12. Innkjøp med verdi som er lik eller overstig 100 000 kroner.</i>	Dette kapitlet inneheld primært informasjon om kva lovreglar som trer inn når verdien på eit innkjøp er lik eller overstig terskelverdien i § 1-1 i forskrift om offentlege anskaffingar. Terskelverdien var 100.000 kroner då innkjøpsreglementet vart vedteke. Som nemnt ovanfor, er terskelverdien no auka til 500.000 kroner. Tittelen på dette kapitlet er no endra til «Innkjøp med verdi som er lik eller overstig 500.000 kroner». Teksten i kapitlet er òg justert tilsvarende.

Spesielt om kapittel 13 om rammeavtalar

I kapittel 13 i innkjøpsreglementet er det fastsett reglar for når Samnanger kommune skal inngå rammeavtalar for innkjøp. Det står i dette kapitlet at kommunen så langt som mogleg skal inngå rammeavtalar for alle vare- og tenestetypar som kommunen jamleg kjøper – og der det er sannsynleg at kommunen over ein periode på 1 år kjem til å kjøpa varer/tenester for meir enn 100.000 kroner.

Det er i kapittel 13 ikkje vist direkte til gjeldande terskelverdiar i lovverket, og det vil derfor vera nødvendig med eit politisk vedtak i kommunen dersom grenseverdien på 100.000 kroner for rammeavtalar skal aukast. Rådmannen vil leggja fram ei eiga sak om dette til politisk handsaming.

Med helsing

Jan Erik Boge
rådgjevar

Ove Sæbø
rådmann